

# GAUPNE BARNEHAGE 2014- 2015



# Innholdsliste

Litt om oss	s. 4
Omsorg	s. 5
Danning	s. 5
Barns medverknad	s. 6
Leik og læring	s. 6
Korleis vil me jobbe med dei 7 fagområda gjennom leik?	s. 7
Språk, tekst og kommunikasjon	s. 8
Inspirasjon frå Reggio Emilia	s. 9
Dei 3 pedagogane	s. 10
Et barn har hundre språk	s. 11
Prosjektarbeid	s. 12
Dokumentasjon	s. 12
Barnehageavsluttande aktivitetar	s. 13
Kulturformidling	s. 13
Våre samarbeidspartnarar	s. 14
Samarbeid med høgskulen	s. 15
Årshjul	s. 16

# FORORD:

Årsplanen er eit dokument tilpassa Gaupne barnehage. Det er eit arbeidsdokument for personalet i barnehagen, samstundes som den skal gi foreldra og andre interesserte innsikt og informasjon om mål og innhald i barnehagen. Planen skal danne grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen og den skal vere utgangspunkt for foreldremedverknad. Årsplanen baserar seg på rammeplanen og barnehagelova som personalgruppa jobbar etter.

Årsplanen inneheld informasjon om korleis Gaupne barnehage arbeidar med omsorg, danning, barns medverknad, leik og læring for å sikra at alle barn får gode utviklings- og aktivitetshøve i samarbeid med heimen.

Barnehagen blir driven i samsvar med gjeldane lover og forskrifter, her under Lov om Barnehagar av 17. juni 2005, og forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen som tredde i kraft 1.august 2006.



## Litt om oss:

Me er ein 5 avdelings barnehage sjølv om barnehagen fysisk er bygd litt annleis enn ein tradisjonell barnehage. Arealet per avdeling er litt mindre enn vanleg men me har fleire fellesrom som kan nyttast av alle. Dette er fleksible løysningar med tanke på bruk av både areal og vaksne som felles ressursar for barna. Barna vil forhåpentlegvis få eit større spekter av aktivitetar å velje mellom gjennom betre utnytting av romma. Barn treffer fleire vaksne som har ulike interesser og ferdigheitar. Barn får og fleire å velje i for å finne gode venner og leikekameratar. Personalet får jobba saman i ei større gruppe og kan fordela arbeidet mellom seg slik at den enkelte kan ta del i aktivitetar som interesserar mest. Fagområda skal sjåast at i heile barnehagen og me har ulike spesialrom i form av formings- rom, musikk/drama- rom, bibliotek, konstruksjonsrom, stort felles kjøkken og ikkje minst ein stor aula med klatrevegg og høve til fysisk aktivitet. Me vil legge opp til grupper utifrå barnas interesser, alder og modning og utnytte heile barnehagen både ute og inne på tvers av avdelingar. I tillegg leiger me eitt område i Grindane der yrkesskulen og flotte foreldre har hjelpt oss å bygge opp ei hytte med avgrensa område rundt. Her har me eit ekstra uterom som me kan nytta til alle årstider. Her er høve for forskning og leik i skogen, akebakke og ski om vinteren, matlaging både utandørs og innandørs samt andre aktivitetar. Det at dette område ligg i nærmiljøet gjer at det er lett å nytte seg av det for alle aldersgrupper.

Utifrå ståsteds-analysen som me tok i barnehagen våren 2013 har me utarbeida ein utviklingsplan for Gaupne barnhage. Dette er eit arbeidsreiskap som strekker seg over to barnehageår og som har to hovudfokus: Auke kunnskapen kring språkutvikling og få dei vaksne meir aktive i leiken. Dei ulike avdelingane vil jobbe ulikt med dette på sin avdeling utifrå barns interesse, alder og modning. Hausten 2013 søkte me og fekk FOU-midlar frå fylkesmann på prosjektet om å få vaksne meir aktive i leik med tanke på å skape vennskap og deltaking hjå barn.

Barnehageåret 2014/2015 vil to avdelingar delta i eit bravoprosjekt. Prosjektet er i regi av Høgskulen i Sogn og fjordane og statped.vest. Dei ynskjer å kartlegge kva effekt språktrening for små barn kan ha over tid. Barn som får lese, skrive eller matematikk vanskar i skulen, har ofte hatt lite ordforråd eller anna form for språkvanske. Me vil sjå om språktrening i tidlig alder kan verke førebyggjande på dette.

Du veit kva eit barn er,  
men ingen veit kva det kan  
bli!



## **Omsorg:**

### **Kva:**

Omsorg er det grunnleggande i alt me gjer gjennom dagen i barnehagen. Hjå oss skal barn og vaksne gi omsorg og oppleve nærleik, og bli møtt med vilje til samspel. Vaksne og barn skal ha rom til å utøve empati og omsorg i kvardagen. Me skal vise respekt for alt me omgir oss med.

### **Korleis:**

Dei vaksne må vera gode rollemodellar som viser omsorg og hjelper barna til å sette ord på det dei opplever. Gjennom handling og ord lærer barna å respektera sine egne og andre sine kjensler og utviklar empati. Me som vaksne må vise barna at det er greitt og vera ulike. Me må og vise at me tek vare på kvarandre og det me har rundt oss av leiker, natur og dyr. Dei vaksne skal sjå kvart enkeltbarn, og vera observant på dei som ikkje krev merksemd. I barnehagen må me snakke om dei som ikkje har det so godt som oss, vise medkjensla over for andre menneske. Me vaksne skal vera tilstade for at barna kan nå oss, vera lyttande slik at dei kan få komme med sine innspel og delta i leiken saman med dei.

### **Kvifor:**

Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling.

## **Danning:**

### **Kva:**

Me ynskjer saman med barna å utvikle evne til å reflektera over egne handlingar og veremåtar. Me ynskjer at barna skal få god sjølvkjensle og god sjølvtilit. Barna skal lære seg å ta omsyn til andre. Dei skal kunne stå opp for sine meiningar og kjenne at det er aksept for ulik meining.

### **Korleis:**

Dei vaksne skal vera gode rollemodellar og me må rettleie både borna og kvarandre. Me vil bruke ulike reiskap som vennebøker, steg for steg og, «Du og eg og vi to».

### **Kvifor:**

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gje rom for barns eigen kulturskaping og bidra til alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

*Barn gjer ikkje som me seier men  
dei gjer som me gjer*

## **Barns medverknad:**

### **Kva:**

Me har som mål at barna skal få oppleve tilknytning og fellesskap, og kjenne på at dei kan bestemme sjølve. Når barna gjer uttrykk for sine kjensler skal dei vaksne ta dette på alvor, og støtte dei når dei undrar seg og stiller spørsmål.

Gjennom barns medverknad skal barnehagen styrke sjølvkjensla deira og bidra til at dei kan leve seg inn i andre sin situasjon.

### **Korleis:**

Dei vaksne skal vera tilgjengeleg og nærverande for å sjå kva barna er opptekne av og interessert i, og sjå kva behov kvar enkelt barn har. Dei skal observera, sjå og høyre barna i kvardagen og leggja til rette for at barna kan få ta del i planlegging, gjennomføring og vurdering av aktivitetane i barnehagen. Ved å bruka små grupper i aktivitetar er det lettare å gje merksemd til barna.

### **Kvifor:**

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. Barn skal jamleg få muligheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd. Barnet sitt synspunkt skal gis vekt i samsvar med deira alder og modning.

## **Leik og læring**

### **Kva:**

Me har som mål å dyrke det leikande barnet. I leiken føregår det læring. Dei vaksne skal ta vare på leiken til barna og stimulera til kreativitet, fantasi og undring.

### **Korleis:**

Me må sjå kvar einskilt barn og gje leiken tid og rom. Me må leggja rammene til rette og vera gode rollemodellar ved å bruka entusiasme, glød og humor. Dei vaksne må leggja til rette det fysiske rommet utifrå alder, modning og interesse.

Ved å ta utgangspunkt i leiken og barna sine interesser skal dei vaksne fremja læring ved å ta fagområda inn i leiken.

Dei vaksne skal engasjera seg, stille spørsmål, undra seg og utforska saman med barna. Me ynskjer undrande vaksne og forskande barn

### **Kvifor:**

Barnehagen skal gje barn muligheit for leik, livsutfolding og aktivitetar i trygge og samtidige utfordrande omgjevnad.

Barnehagen skal gje barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barna si nysgjerrighet, kreativitet og kunnskaps-trang og gje utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskap og ferdigheiter.

*Undrande vaksne og  
forskande barn*

# Korleis vil me jobbe med dei 7 fagområda gjennom lek?

Rammeplan er delt inn i 7 fagområde som er sentralt for oppleving, utforsking og læring. Desse fagområda samsvarar godt med dei faga barna seinare vil møte i skulen. I aktivitetane og det pedagogiske opplegget vårt vil fagområda sjeldan opptre åleine. Barna skal bli kjent med og utforska ulike arbeidsmåtar utifrå interesse, alder og modning. Barnehagen vil vera meir opptekne av prosessane enn det ferdige produktet.

Me vaksne vil ta vare på barnehagetida og meina at den har sin eigen verdi. Me vil ta vare på enkeltdagar og sjå enkeltbarnet. Me vil jobbe i små grupper der enkelt barnet kan få forske utifrå sin alder, interesse og modning,. Det er barna som viser vegen og vi vaksne skal vera støttande stillas i forskinga fram til sine sanningar.

## **Kommunikasjon, språk, tekst:**

Me vil ha lek med song, musikk, rytme, rim og regler. Me vil ha bokstavar tilgjengelege og la barna leike med dei. Me vil bruke bøker med både bilde og tekst. Me vil vera bevisste og aktivt bruke språket ved å sette ord på det barna er opptekne av i kvardagen som t.d. namn, fargar og omgrep. Dette for å auke ordforrådet og språkforståinga. Me vil vera lyttande vaksne.

## **Kropp, rørsle , helse:**

Me vil gi barna fysiske utfordringar og la dei prøve sjølve. Me vil ha tilrettelagd miljø både inne og ute slik at det innbyr til kroppsleg lek, konstruksjonsleik, bordaktivitetar og rolleleik. Me vil bruke nærmiljøet til turar og legge til rette for at barna og får kvile. Me har fokus på å servere helsefremmande mat. Me vil bruke både musikk og dans. Øve på sjølvstendigheit som av og på-kledning, do-besøk og handvask.

## **Kunst, kultur og kreativitet.**

Legge til rette for at barn skal få utfolde seg gjennom formingsaktivitetar som t.d. måling, klyppe, teikning og perle. Me vil late barn utfolde seg gjennom drama og ikkje legge lokk på barnas fantasi.

## **Natur, miljø og teknikk:**

Me ynskjer aktivitetar ute til alle årstider og i all slags vær. Naturen gir inspirasjon til ulike etiske uttrykk. Me vil samtale omkring kva som skjer i nærmiljøet og kva barna er opptekne av. Me vil skape forståing for planter og dyr, landskap, årstider og vær. Me vil skape forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen. Me vil besøke ulike stadar i nærmiljøet.

## **Etikk, religion og filosofi:**

Dette dreia seg om verdiar og haldningar. Me må reflektera over og respektera mangfaldet i barnehagen. Me vil bruke konkrete situasjonar til å snakke om korleis me skal vera mot kvarandre som t.d. dele leiker. Me vil sette ord på barna sine følelsar som t.d. det er lov og vera sint men ikkje lov å slå. Me vil undre oss saman med barna og gi dei tid til undring og tenking, samtalar og forteljingar. Bli kjent med religion, etikk og filosofi som ein del av samfunnet.

## **Nærmiljø og samfunn:**

Barnehagen ute og inne område skal heile tida vera i utvikling etter kva barna er interessert i. Me ynskjer å besøke verksemder i nærmiljøet for å gjere oss kjente med nærmiljøet og samfunnet me lever i.

## **Tal, rom og form:**

Me vil ha tal hengande framme og la barna leike med dei.

Ved bevisste vaksne som brukar aktivt språk for å sette ord på det barna er opptekne av, vil omgrepa bli lærde i kvardagssituasjonar som t.d (sanden OPPI bøtta, strikken UNDER skoen, EIN sko, TO sko osv) Me vil og bruke ulike reiskap som spel og leikar som fremjar tal, rom og form.

# Språk, tekst og kommunikasjon

Luster kommune har laga ein leseplan som er overordna for alle barnehagar og skular i kommunen. Den skal sikra progresjon, heilskap og samanheng innanfor lesing i alle fag. Gode ferdigheitar i lesing danna grunnlaget og er ein føresetnad for all anna læring.

## Hovudmåla for leseplan er:

- Få barn og unge til å like å lesa.
- Få barn og unge til å bli flinke til å lese og forstå det dei les.
- Alle lærarar skal vera gode leselærarar i sine fag.
- Få foreldra bevisste og aktivt med i barna si leseutvikling.

For å få til dette må me starte så tidleg som mogleg med språkstimulering og skape interesse for bøker og lesing. Innhaldet i barnehagekvardagen skal støtte opp om barnas språkutvikling, og språkstimulering skal inngå som ein sentral og viktig del av det daglege samværet. Språklege ferdigheitar har mykje å seie for barnas trivsel og kjensle av meistring i kvardagen. Barn med solid språkleg kompetanse vil ha gode føresetnadar for samspel med andre innan leik, vennskap og læring. Eit godt språkmiljø er avgjerande både i notidsperspektiv og i eitt framtidsperspektiv. Gode språkferdigheitar tidleg i livet har mykje å sei for seinare skuleprestasjonar, særleg lese og skriveferdigheitar.





# Inspirasjon frå Reggio Emilia.

Reggio Emilia er ein by i Italia som i etterkrigstida bestemte seg for å satse på barn og barnehagar. Loris Malaguzzi blir rekna som grunnleggaren for denne pedagogikken. Det grunnleggande i denne pedagogikken er at dei har tru på at barn er født intelligente og at dei lærer gjennom å konstruera sin eigne kunnskap i samhandling med andre barn, omgjevnadane sine og kompetente, nysgjerrige vaksne. Barn har alle høve for å utvikla seg men treng vaksne som legg til rette for mest mogleg utvikling, late barnet få høve til å utforske og tolke omgjevnadane sine.

Barn kan og vil medverka og må få høve til det. Loris Malaguzzi snakkar om at barn han 100 språk og at me frarrøva dei 99 av dei.

Berre talespråket står igjen.

Reggio Emilia pedagogikken er i stadig utvikling og endring i takt med samfunnets endringar og barnas behov. Dette er ikkje ein filosofi som kan kopierast men me kan late oss inspirera og legge til rette utifrå våre føresetnadar.

Me jobbar utifrå at det er 3 pedagogar i barnehagen som alle spelar ei viktig rolla.

1. Pedagog- barnet
2. Pedagog- vaksne
3. Pedagog- fysisk miljø.

"Barn er gullgruver,  
det gjelder å få  
gullet til å skinne"

Loris Malaguzzi

### 1. pedagogen: Barnet- forskaren.

Rammeplan seier at barn har rett til å sei sin meining, og barnet sin rett skal vektleggast. Kor omfattande barna sin medverknad i kvardagen er, avhenger av barna sin alder, modning og funksjonsnivå. Både kroppsleg og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det i barnehagen. Me vil stimulera barn slik at dei tenker sjølve og får rom til å uttrykke sine meiningar. Barn skal bli sett, høyrte og verdsett for sin kompetanse. Me trur at barn lærer best gjennom teoriar, erfaringar og forskning. Dess meir barn deltek - dess meir lærer dei. Barn observera, tek på, luktar og smakar på. Barn lærer strategiar, prøver ut hypotesar, feilar, tek pausar og prøver på nytt. Barn er forskarane og gjennom leiken bygger dei sin eigen læring.

### 2. pedagogen: Vaksne - medforskaren.

Dei vaksne må vera tilstades der barn er og lytta til deira sine innspel. Me må vera nysgjerrige vaksne saman med barna. Det er ikkje eit mål å gi barn dei ferdige svare på det dei lurar på, men å undre oss saman med dei. På denne måten inspirerar me til nysgjerrigheit. Dei vaksne skal tilrettelegga og rettleia barna. Oppmuntring og støtte frå vaksne vil gi barn høve til å utvikla og tru på eigen meistring.

Vaksne må lytte meir enn dei snakka. Stille spørsmål i staden for å gi alle dei ferdige svara. Vår sanning er ikkje nødvendigvis din sanning. Me ynskjer å vera nysgjerrige i staden for å gi informasjon, og oppmuntra til forskning i staden for å overføra kunnskap. Vaksne og barn skal vera likeverdige sjølv om me ikkje er likestilte.

### 3.pedagogen: Fysiske miljøet. Fleksibelt og stimulerande.

Dei vaksne har ansvar for å skapa eit fysisk miljø som inspirera og utfordrar barn, og som vekker undring og nysgjerrigheit. Fysiske miljøet må kunne endra seg ettersom barna sine behov forandrar seg og utifrå kva barna er opptekne av. Når me snakkar om fysisk miljø snakkar me om både innandørs og utandørs.



## Et barn har hundre språk av Loris Malaguzzi

Et barn er skapt i og av hundre  
Barnet har hundre språk  
hundre hender  
hundre tanker  
hundre måter og tenke på  
å leke på, å snakke på  
hundre – alltid hundre  
måter å lytte på  
å overraske på og elske på  
hundre gleder  
for å synge og forstå  
hundre verdener  
å drømme  
Barnet har hundre språk  
men har blitt frarøvet nittini  
Skolen og kulturen  
skiller hode fra kroppen  
og barnet blir fortalt:  
å tenke uten hender  
å handle uten hode  
å lytte uten å snakke  
å forstå uten glede  
og elske og fortrylles  
bare til jul og påske  
De blir fortalt:  
Å oppdage en verden som allerede  
finnes  
og av hundre blir de frarøvet nittini  
De blir fortalt:  
at glede og arbeid  
virkelighet og fantasi  
vitenskap og forestillingsevne  
himmel og jord  
fornuft og drøm  
ikke passer sammen  
Kort sagt blir de fortalt  
at hundre ikke finnes  
Men barnet sier:  
Visst finnes hundre



## Prosjektarbeid:

Me vil jobbe med store og små prosjekt utifrå barnas interesser. Prosjektarbeid er ein vandring mot ny kunnskap der det er barna som viser veg. Målet er ikkje kjent på forhand, men barna si undring, opplevingar, leik og læring vil stå i fokus. Det viktigaste er sjølve prosessen, opplevingane og erfaringane. Gjennom prosjekt vil me kome innom alle dei 7 fagområda.

## Prosjektarbeid 2014/2015

I år er det 100 år sidan Alf Prøysen vart fødd og det vil me markera. Prøysen har gitt ut mange bøker, singlar, rim og regler. Me ynskjer at barna skal bli betre kjent med desse og vil velje oss ut nokre forteljingar som alle skal innom. Dei største vil sikkert komme innom enda fleire enn dei aller yngste. Me starta opp med «Geitekillingen som kunne telje til ti» i august og fortset med den utover hausten. Til jul vil me jobbe med «Bygda som gløymde at det var jul» og «Snekker Andersen». Me vil lese, dramatisere, syngje, danse, nytte rim og regler, formingsaktivitetar, lage mat osv. Me vil nytte alle sansane i dette prosjektet samstundes som me skal innom alle fagområda.

**Det ein høyrer - gløymer ein  
Det ein ser - hugsar ein  
Det ein gjer - forstår ein.**  
Loris Malaguzzi

## Dokumentasjon:

Ved å dokumentera barn sine arbeidsprosessar viser me at me verdset barna sitt "språk". Dokumentasjon er på ein måte barna sin hukommelse. Dokumentasjon skal synleggjera personalet sitt arbeid og barna si verksemd i barnehagen. Dette er noko me i Gaupne barnehage vil jobba enda meir med i tida framover. Dett barnehageåret vil me ha fokus på språkstimulering og få dei vaksne meir aktiv i leiken.

### Ulike dømer på dokumentasjon kan vera.

Dagsrapport

Veke/Månadsbrev

Logg frå ulike aktivitetar

Utstillingar av barnas arbeid.

Foto

Tekstskaping

Observasjon og dokumentasjon til bruk i foreldresamtalar.

Uformelle samtalar i hente/bringe situasjon.

All denne dokumentasjonen gir grunnlaget for evaluering.

## Barnehageavsluttande aktivitetar

I barnehagen vil barna få kjennskap til blant anna tal, bokstavar, rim og regler i form av språkstimulering. I løpet av ein dag er me innoom fleire fagområde. Det er også mykje matematikk i kvardagssituasjonar som f eks borddekking. Her tel ein barn som skal eta, tal på koppar og fat. Barna er med å lagar mat og får erfaring med måleiningar og målereiskapar. Ein stimulerer og til å fundere over avstand, vekt, volum og tid.

Skulen er oppteken av at barn skal vera sjølvstendige som f. eks det å kunne kle på seg sjølv. Dette er noko me starta øve på allereie med dei minste.

For dei eldste barna har me førskulegrupper gjennom heile året der me gjer barnehageavsluttande aktivitetar som teljing, rekning og skriving. I tillegg har me fokus på at gruppa skal bli godt kjent gjennom å gå på tur og liknande.

Om våren samarbeida me med skulen for å legge meir til rette for at dei skal få kjennskap til og erfaring med korleis ein typisk skuledag er. Skulen har fadderordningar slik at alle som skal starte i skulen vil tidleg få kvar sin fadder. Me har tett samarbeid med skulen i forhold til overgang barnehage- skule.



## Kulturformidling

Barnehagen bygge sin pedagogiske verksemd på norsk kultur og språk. Kultur blir her forstått som kunst, estetikk, haldningar, erfaringar og uttrykksmåtar. Kultur handlar om arv og tradisjonar, og utviklar seg i spenning mellom tradisjon og fornying. Gjennom konkrete opplevingar og erfaringar får barn møte dei ulike norske tradisjonane utifrå årstids-kalendaren, som t.d. jul og påske. Barnehagen er oppteken av å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler, songar og eventyr.

Kulturformidling er ofte knytte til kommunikasjon, språk og tekst. Barn med anna kulturbakgrunn må og få innsikt i sin kulturidentitet, dette i samråd med foreldre. Dette kan dreia seg om religiøse høgtider, tradisjonar og andre viktige merkedagar. Ved å bli bevisste på andre sin kultur bidreg me til at barn kan sette seg inn i andre sin ståstad og seinare vil vise respekt for andre sine kulturelle verdiar og ytringar. Vaksne må vera tydlege modellar og vera opne for å reflektera over eigne haldningar og handlingar.

# Våre samarbeidspartnarar

## Barneskulen.

I forhold til rammeplanen så skal barnehagen saman med skulen legge til rette for barna sin overgang mellom barnehage og skule. Barnehagen er blitt ein del av kunnskapsdepartementet og det inneberer at skule og barnehage gir kvarandre gjensidig informasjon om sine representative eining. Me har i dag eitt godt samarbeid med skulen og førskulebarna vil bli gjort kjente med skulen i løpet av våren. I tillegg deltek me på nettverka til skulen når det gjeld norsk og matematikk.

## Pedagogisk psykologisk teneste. (PPT):

Dette er kommunal rådgivande teneste som skal hjelpe barn som har vanskar med opplæring og oppvekstsituasjon. I samråd med foreldre henviser me barn til PPT for å få utredning, råd eller ekstra ressursar for barn.

## Helsestasjon:

Helsestasjonen kan vera ein samarbeidspart for å leggje til rette tilbodet for barn med særskilte behov. Helsestasjonen skal kunne bidra med råd og rettleiing knytt til bla. handtering av legemiddel i barnehagen og i forhold til smittevern. Vidare er helsestasjonen sentral i kartlegging av barns språk

## Barnevernet:

Barnevernet har sitt heimelgrunnlag i barnevernslova. Dei er ein offentleg teneste som har i oppgåve å sikre barn og unges oppvekstvilkår. Barnevernet kan tilby ein rekke tiltak for å hjelpe til i vanskelege situasjonar. Dei fleste av desse er frivillige tiltak. Barnevernet er einaste instans me kan melde barn til utan samtykke av foreldre. Offentlege tilsette er pliktig til å melde frå til barnevernet dersom det er teikn som tyder på at føreligg brot på omsorgsplikta.

## Foreldreutvalet: - FAU:

Foreldre sitt arbeidsutval.

Dette består av ein foreldre frå kvar avdeling som blir valt som avdelingskontakt.

## Samarbeidsutvalet (SU):

SU skal sikre brukarmedverknaden i styring av barnehagen. Dei har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld barnehagen. SU skal bestå av to representantar frå FAU og to representantar frå barnehagen.

## HSP møter:

Dette er tverrfaglege møter som blir satt opp gjennom heile barnehageåret. Her møter helsesøster, barnvernet, PPT, fysioterapeut, saman med barnehagen. Dette er etablert for å samla og koordinera hjelp til barn som det blir knytt bekymring til. Her blir alternative tiltak drøfta mens problema er små, framfor å venta til dei har blitt store.

### Høgskulen i Sogn og fjordane:

Me er ein praksisbarnehage, dvs. at me tek i mot studentar frå høgskulen. Det kan komme studentar til oss gjennom heile året, og me vil halde dykk oppdatert når dette skjer. Det å ta imot studentar gjer at me held oss fagleg oppdatert, utviklar oss med at me får inn "nye auger" og barnehagen er i stadig pedagogisk utvikling. I tillegg er Gaupne barnehage saman med to andre barnhagar valt ut til å vera høgskulebarnehage, noko som innebere at me vil vera enda tettare på høgskulen.

I forhold til at me er høgskulebarnehage, så er me med i to prosjekt i regi av høgskulen. Dette er eitt FOU prosjekt i forhold til kollegarettleiing og Bravoprojekt som er eitt forskingsprosjekt innan språkstimulering blant dei yngste barna.

### Kollegarettleiing som verkty i barnehagen som lærande organisasjon:

HISF er av utdanningsdirektoratet tildelt eit oppdrag knytt til utvikling av barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar. Me vil saman utvikla mål, innhald og tilnærming til rettleiinga. Me vil lære oss å bruke kollegarettleiing slik at me saman kan bli ein lærande organisasjon der faget skal få størst plass.

### Bravoprojektet

I år skal Rosa og Grøn avdeling vera med i eitt forskingsprosjekt om tidleg systematisk språkstimulering i barnehagen. Prosjektet er i regi av Høgskulen i Sogn og fjordane og statped. vest. Dei ynskjer og kartlegge kva effekt språktrening for små barn kan ha over tid. Barn som får lese, skrive eller matematikk vanskar i skulen, har ofte hatt lite ordforråd eller anna form for språkvanske. Vi vil sjå om språktrening i tidlig alder kan verke førebyggjande på dette. Departementet har òg i sine stortingsmeldingar stort fokus på tidleg innsats når det kjem til språkstimulering. Det er eit ynskje om å tidlegare oppdaga barn med vanskar for å kunne sette tidleg i verk tiltak som skal utjamne forskjellar. Målet for denne studien er å finna ut om barn som får organisert språktrening utviklar språket raskare enn dei barna som følgjer eit ordinært opplegg i barnehagen. Dette føregår i 12 veker før jul og 12 veker etter jul. sjølv om det berre er 6 barn som deltek i forskinga blir dette gitt til dei 3 avdelingane med dei yngste barna.



Det er viktig å bruke både språket og sansane saman med barn. Lyden av ord, synet av skriftsspråket og smaken av kanel er eksempel på sanseopplevingar. Hjerneforskning viser at til fleire slike koblingar me skapar i hjerne til lettare lærer barn seinare.

# ÅRSHJUL

<p><u>August</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggingsdagar 13. og 14. august</li> </ul>	<p><u>September</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brannøving</li> <li>• Hsp møte 11. september</li> </ul>	<p><u>Oktober</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggingsdag 6 oktober</li> <li>• Hsp møte 23. oktober</li> <li>• Skrivedans for 2009 barna 28. oktober</li> </ul>	<p><u>November</u></p>
<p><u>Desember</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hsp møte 4. desember</li> <li>• Luciamarkering</li> <li>• Julebord</li> <li>• Julegudstjeneste</li> <li>• Julefest (foreldrearrangement.)</li> <li>• Skrivedans for 2009 borna 2. desember</li> </ul>	<p><u>Januar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggingsdag 2. januar</li> <li>• Hsp møte 8 januar</li> <li>• Overgangssamtalar barnehage- skule</li> <li>• Skrivedans for 2009 borna 20. januar</li> </ul>	<p><u>Februar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hsp møte 26. februar</li> </ul>	<p><u>Mars</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Påskefrukost</li> <li>• Hsp møte 26. mars</li> <li>• 4 års screening 1/2 gruppe 2. mars</li> <li>• Skrivedans for 2009 borna 17. mars</li> </ul>
<p><u>April</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Førskuledag 23 april</li> <li>• Foreldremøte veke 17.</li> <li>• Planleggingsdag</li> <li>• Vernerunde veke 17</li> <li>• Braqnnøving veke 18</li> <li>• Hsp møte 30 april</li> </ul>	<p><u>Mai</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Førskuledag 6. + 19. Mai</li> <li>• Planleggingsdag 15.mai</li> <li>• Hsp- møte 28.mai</li> <li>• Fotografering for skuleborna+ 3 åringane</li> </ul>	<p><u>Juni</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sommarfest (foreldrearrangement)</li> </ul>	<p><u>Juli</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sommarstengt vekene 29 og 30.</li> </ul>



# Gaupne barnehage

Gardavegen 23

6868 Gaupne

Tlf: 57685780

Direkte til avdelingane:

Rosa 57 68 57 81

Grøn 57 68 57 82

Blå 57 68 57 83

Oransje 57 68 57 84

Turkis 57 68 57 84

Ass. styrar 57 6 8 57 87

Styrar 57 68 57 86

[Heimeside: www.oppvekst.luster.no](http://www.oppvekst.luster.no)